

Møte i fakultetsrådet, ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS), Høgskulen på Vestlandet (HVL)

Dato: Torsdag 3.juni 2021, kl. 09.00-12.00.

Sted: Digitalt (Zoom)

Deltakrar:

Randi Skår (dekan, møteleiar), Kristen Stæger-Breisnes (kvalitetsrådgivar) (vara for Hilde Kristin Tveit), Britt Moane Kuven (førstelektor), Kjetil Grimstad Lundberg (professor), Ole Tormod Kleiven (førsteamanuensis), Petrin Hege Eide (førstelektor) (vara for Maria Nordheim Alme), Olav Klausen (administrerende direktør i Helse Fonna), Astrid Toft (dagleg leiar i KS Hordaland), Sissel Brusegård (fagleiar fylkeskommunen), Fredrik Sørensen (student) og Therese Bøyum (sekretær).

Gjester:

Anne-Grethe Naustdal (prodekan utdanning) (sak 5/21), Lillian Irene von Krogh (fakultetskoordinator, økonomi) (sak 6/21) og Mildrid Jorunn Haugland (førstelektor) (sak 7/21).



Merk: gjestar vil få beskjed om kva tid dei skal kople seg på møte.

Forfall:



Hilde Kristin Tveit (kvalitetsrådgivar) og Maria Nordheim Alme (førsteamanuensis).


Observatørar:

Ann Jørstad Nilsen (kommunikasjonsrådgivar).

Sak	Saks-type ¹	Dokument/saksframlegg	Kva skal skje i møtet?	Ca tid
Sak 5/21: Utvikling av studieporteføljen ved FHS	D	Presentasjon brukt i møtet:  Utvikling av studieportefølje til fak Saksvedlegg:  Studieportefølje FHS 2022-23 2023-24  FHS sine tilbakemeldingar på	Anne-Grethe Naustdal (prodekan utdanning) innleiar i saka. Fakultetet har over tid jobba med utvikling av studieporteføljen. Vi har hatt eit særleg fokus på å byggje fleksible utdanningar i lys av eit livslangt læringsperspektiv. I eit notat knytt til <i>Periodisk evaluering av samla studieportefølje</i> har vi gjort greie korleis vi svarar på gjennomgåande utdanningsløp, og regionalt og nasjonalt utdanningsbehov, sett i lys av livslang læring. Vedlagt fylgjer også ein gjennomgang av planlagde endringar i den eigenfinansierte studieporteføljen for studieåret 2022/23 og 2023/24, her forstått som etablering, nedlegging og nullopptak av eigenfinansierte studieprogram frå og med 60 studiepoeng. Med eigenfinansierte studietilbod meinast her både studieprogram som fører fram til ei grad, og kortare studium som årseiningar og vidareutdanningar som er baserte på løyvingar frå Kunnskapsdepartementet. Fakultetsrådet bes om å gje råd til vidare utvikling av studieporteføljen.	45 min (kl.09.00-09.45)
PAUSE				10 min (kl.09.45-09.55)

¹ D = Drøftingssak O=orientering

<p>Sak 6/21: Økonomistatus per 1.tertial 2021</p>	<p>O</p>	<p>Vedlagt finn de presentasjon til møtet:</p>  <p>Presentasjon Fakultetsråd FHS 3.]</p>	<p>Lillian Irene von Krogh (fakultetskoordinator, økonomi) orienterer om økonomistatus per 1.tertial 2021.</p> <p>Fakultetsrådet er velkomne til å gje innspel i saka.</p>	<p>30 min (kl.09.55-10.25)</p>
<p>PAUSE</p>				<p>10 min (kl.10.25-10.35)</p>
<p>Sak 7/21: Beredskapsarbeid i FHS med vekt på studenttiltak</p>	<p>D</p>	<p>Munnleg orientering i møtet.</p> <p>Dersom de er interesserte i å lese om korleis studentane ved HVL opplever studiekvardagen under pandemien, finn de her ein presentasjon som oppsummerar hovudfunn frå studentanes helse- og trivselsundersøking (SHOT-undersøkinga):</p>  <p>SHoT presentasjon_.pptx</p> <p>For dei som ønskjer endå meir informasjon: her finn de delrapporten frå HVL:</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Dekan orienterar fakultetsrådet om tiltak i samband med krisepakke for studentar 2021. <p>HVL har fått tildelt 8,1, millionar til lønn til studentar som kan bidra til betre fagleg oppfølging av andre studentar for å sikre godt læringsutbytte, læringsmiljø og studieprogresjon (2,2 millionar av dette er tildelt FHS). FHS sitt hovudtiltak vert vidareføring og utviding av studentassistentordninga, slik at tilbodet går ut til alle studentar.</p> <p>Prosjektleiari for studentassistentar FHS, Mildrid Jorunn Haugland, vert med for å dele erfaringar vi har med ordninga så langt.</p> <p>I tillegg til studentassistentordninga har fakultetet bestemt seg for å setje i verk følgjande tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kurset «Sjukepleienorsk» (tilbod til fleirspråklege sjukepleiestudentar) - Ekstra studentassistentar til våre fleirspråklege studentar. - 100 % prosjektleiaristilling i 1 år (til koordinering og drift av desse tiltaka). <p>Det er ønskjeleg at fakultetsrådet kjem med innspel på tiltaka.</p>	<p>40 min (kl.10.35-11.15)</p>

		 Høgskulen på Vestlandet 2021.doc	<ul style="list-style-type: none"> Dekan orienterer fakultetsrådet om status ved HVL, i høve den nasjonale gjenåpningsplanen. <p>I samband med endringar i nasjonale regler og anbefalingar frå 27.mai, har HVL har utarbeida eit risikobasert avgjersegrunnlag for auka bruk av kontorfasilitetar, fysiske møter og samlingar ved HVL.</p> <p>Her kan de lese siste nytt om HVL og koronasituasjonen:</p> <p>https://www.hvl.no/aktuelt/koronasituasjonen-hvl/</p>	
Sak 8/21: Evaluering av fakultetsrådet, og vidare plan for nedsetting av fakultetsråd	D	Ingen vedlegg	<ul style="list-style-type: none"> Evaluering av møta i fakultetsrådet. <p>Dekan ønskjer medlemmane sine synspunkt, på gjennomføring av møta i fakultetsrådet.</p> <ul style="list-style-type: none"> Vidare plan for nedsetting av fakultetsråd. <p>Fakultetsrådet har funksjonstid fram til åremålet for dekan går ut, det vil seie 31.07.2021. Vidare plan for nedsetting av fakultetsråd, er ei sak som skal opp til drøfting i strategisk leiargruppe (rektor si leiargruppe, forkorta til SLG), på måndag 31.mai.</p> <p>Konklusjon frå sak i SLG 31.mai, om prolongering av råd og utval:</p> <p>Ein konkluderte der med at ein ikkje prolongerer fakultetsråda si funksjonstid, og at ein brukar august og september til å gjere eit felles arbeid med å revidere mandat og samansetnad av fakultetsråda. Med plan om å få etablert og konstituert nye fakultetsråd i løpet av oktober.</p>	25 min (kl.11.15-11.40)

Sak 5/21: Utvikling av studieporteføljen ved FHS

Anne-Grethe Naustdal (prodekan utdanning) innleia i saka, med å informere om den periodiske evalueringa av den samla studieportefølja ved HVL. Dette arbeidet har vore i prosess våren 2021, og saka vart lagt fram for styret 10.juni, ved prorektor for utdanning ([her finn de lenke til styresaka, sak 32/31](#)).

Vidare vart det ein gjennomgang av arbeidet med utvikling av studieporteføljen ved FHS (sjå vedlagt presentasjon til saka).

Stikkord frå innspel frå fakultetsrådet:

- Prodekan utdanning informerer om at vi har eit forbettringspotensial i å rekruttere våre eigne grunnutdanningsstudentar til masterutdanningane våre. Her kjem det innspel frå fleire interne representantar:

- Det er viktig at vi systematisk marknadsfører masterutdanningane, for bachelorstudentane våre.
- Det er ikkje sett av tid på arbeidsplanane pr i dag, til å marknadsføre masterutdanningane, og dette bør kanskje innlemmast i planlegginga av undervisning.
- I denne marknadsføringa, kan det vere nyttig å bruke simulering (SimArena), for å syne kva som konkret ligg i masterløpa.

- Ekstern representant ønskjer at HVL skal bli enno betre på tilbod om desentraliserte utdanningar, og syner til døme med at det har vore svært gode søkjartal på ny desentralisert utdanning i vernepleie (i Haugesund og Sogndal). Dette syner stor etterspurnad etter slike tilbod. Vi må bli enno betre på dette, slik at folk har fridom til å busette seg over heile landet. Ekstern representant påpeikar også at andel ufaglærte må ned, og at det difor er behov for gode utdanningar ute i distrikta.

- Intern representant støttar innspel, om at desentraliserte tilbod er viktig, og at vi må ha ein god modell for dette i FHS. Tilsett trekker fram organiseringa av deltid sjukepleie i Bergen som eit godt døme, der det potensielt er overføringsverdi til andre utdanningar/og eller campus.

- Det kjem fleire tilbakemeldingar frå interne representantar, om at dei tilsette stadig opplever at bygningsmassen ikkje er dimensjonert for det antal studentar vi har i dag. Vi må kanskje sette ei grense, for kor mange studentar vi kan ta opp? Det er til dømes ein klar arealbegrensing i SimArena. Dekan svarar at vi må ha ein gjennomgang på dette i fakultetet. Vi må vurdere både undervisningskapasitet og romkapasitet.

- Ekstern representant er opptatt av å løfte fram at helse- og sosialsektoren er heilt avhengig av at bachelorutdanningane skal vere gode, og påpeiker at masterutdanningane ikkje må ta fokus frå grunnutdanningane. Prodekan utdanning stadfestar at det er størst satsing på grunnutdanningane. Det er bachelorutdanningane som bærer nesten heile økonomien i fakultetet. Mastertilboda er cirka 14 % av porteføljen.

- Intern representant støttar innspel over, om viktigheit av fokus på kvalitet i grunnutdanningane. Dersom grunnmuren ikkje er solid, vil ein ikkje rekruttere vidare til masterløp heller. Representant opplever at på det tredje studieåret er studentane fokusert på at dei skal ut i jobb. Kanskje ein difor må starte denne reklameringa for masterutdanningane, allereie frå første studieår, for å få inn perspektivet med livslang læring. Eit konkret tiltak, er å lage «masterstand», der ein arrangerer ein heil dag med presentasjonar av masterutdanningar. Prodekan utdanning støttar forslaget, og legg til at vi må ha ei systematisk tilnærming, slik at alle studentar får denne «reklamen» for masterutdanningar.
- Student spelar inn ALUMNI-ordning som forslag til verktøy, som kan nyttast i rekruttering av studentar til masterutdanningar. Student støttar også innspel om å nytte simulering, til å reklamere for vidare utdanning.

Sak 6/21: Økonomistatus per 1.tertial 2021

Lillian presenterte endeleg resultat for rekneskap per 1.tertial, og hadde ein kort gjennomgang av: fellestiltak for 2021, planlagde investeringar til undervisning og forskning i 2021 og avsetningsnivå 2021-2022. Sjå vedlagt presentasjon frå møtet.

Stikkord frå innspel frå fakultetsrådet:

- Intern representant meiner det er positivt med intern kompetansebygging, men ytrar bekymring til korleis vi skal rekruttere inn tilsette til fakultetet, og samstundes ta vare på dei som allereie er tilsett her. Representant syner til at nokre tilsette med 1.kompetanse har sagt opp jobben sin i HVL, fordi trykket er for stort på dei med denne kompetansen. Viktig at vi har personalpolitikk som også ivaretek dei vi allereie har, samstundes som ein satsar på å rekruttere inn ny kompetanse.
- Dekan utfordrar fakultetsrådet, på å kome med forslag til konkrete tiltak, som kan støtte dei tilsette i arbeidet (jamfør innspel over). Her kjem fleire forslag frå dei interne representantane:
 - Arbeidstidsplanlegging er eit viktig tiltak her (særleg inn mot emneansvarlege).
 - Større fleksibilitet i faktorbruk. Det er angiveleg store diskusjonar blant tilsette, om korleis dei skal halde seg innanfor desse rammene.
 - Kurs: om korleis vi kan jobbe smartare (til dømes er det laga god Canvas-opplæring).
 - Fleire gode superbrukarar. Det meldast om at tilsette ofte kjenner seg utilstrekkelege, og at dette også gjeld tilsette som har jobba i HVL i ei årrekke. IT kan ofte ikkje hjelpe, fordi det er for spesifikke problemstillingar.
 - Kva er god teknologi, og kva er overadministrering og kontroll? Bør ta gjennomgang på dette. Vitskapleg tilsette bruker meir tid på digital opplæring, enn på å halda seg fagleg oppdatert.
 - Vurdere funksjonalitet i systema, og arbeidsdeling mellom fag og administrasjon. Fleire av representantane melder om at fagtilsette brukar for mykje tid på administrative oppgåver, og meiner dette kan løftast som sak i framtidig møte i fakultetsrådet. Dei påpeiker også at dette er ei utvikling som har skjedd over tid.

- Kan vi gje ein bonus til tilsette, for pengar spart på mindre reiseutgifter?

Dekan melder attende, at leiinga blant anna ser på moglegheiter for administrativ avlastning, og digital kompetanseheving (kurs ol). Når det gjeld ei eventuelle bonus må dette i så fall skje gjennom tillitsmannsapparatet, og forankrast på HVL-nivå.

- Intern representant melder om at kvardagen opplevast svært krevjande for mange tilsette. Dei tilsette må undervise fleire studentar enn før, og på fleire nivå – som igjen stiller større krav til fagleg nivå. Det er difor essensielt at vi både får tak i, og held på dei «gode folka». Det er til dømes svært uheldig, at det ikkje alltid er ledige stillingar, når kandidatar har disputert. Kan det, i desse tilfella, opprettast stillingar, for å behalde denne kompetansen i FHS? Dekan gjer uttrykk for at dette er eit kjent problem, og at det gradvis blir betre tilrettelagt for slike situasjonar enn tidlegare.

Sak 7/21: Beredskapsarbeid i FHS med vekt på studenttiltak

Studenttiltak:

Dekan innleia i saka. HVL har fått tildelt 8,1, millionar til studenttiltak, der 2,2 millionar av dette er tildelt FHS. Midlane skal nyttast innan 2021, og må rapporterast på. FHS sitt hovudtiltak vert vidareføring og utviding av studentassistentordninga, som vil gå over eit heilt studieår.

Mildrid Jorunn Haugland har vore prosjektleiar for ordninga med studentassistentar denne våren, og orineterte fakultetsrådet om erfaringar med ordninga.

Kort oppsummert fortel Mildrid at ordninga har fungert godt. Studentassistentane jobba veldig kreativt, og gjorde ein formidabel jobb. Ordninga skal evaluerast. Det vart gjennomført midtvegsevaluering i april, også vart det sendt ut spørjeskjema i juni - til studentassistentane og til studentane som deltok i ordninga. Svara er klare i slutten av juni.

Stikkord frå innspel frå fakultetsrådet:

- Intern representant melder om god erfaring med ordninga. Inntrykket er at ved å samle studentane i små grupper, med eit fagleg tema som utgangspunkt, kjem det sosiale utbyttet også automatisk.

- Intern representant melder om at enkelte studentar har store utfordringar med å skrive norsk, og spør korleis vi kan nå ut til denne gruppa (tidleg i studiet), med skrivetrening? Faglærer har ikkje kapasitet til dette. Har studentassistentordninga kapasitet til skrivetrening? Det er ikkje nok skrivetrening i tiltaket sjukepleienorsk. Mildrid svarar at biblioteket skal starte skrivetreningskurs.

- Det kjem innspel frå studentrepresentant, om at dette bør bli eit fast tiltak (også utover denne midlertidige perioden med ekstra midlar frå regjeringa). Student meiner at også studentassistentane har stort utbyte av dette. Student påpeiker at faglærarar er viktig i rekrutteringa av studentar til dette tiltaket.

- Dekan meiner dette absolutt er eit tiltak vi kan fortsette med. Til dømes har ein gjort dette ved universitetet ei stund. Vi må tenkje at studentar er ressursar.

Beredskap i HVL:

Til slutt orienterte dekan om status ved HVL, i høve den nasjonale gjenåpningsplanen. Dei grunnleggande smittereglane gjeld framleis, og hemmar oss frå å ha normal drift. Vi blir også påverka av vaksineframdrifta. Nasjonalt har vi spelt inn at vi treng ein plan for vaksineringsplan av studentar. Det må vere ein plan for andre dose, når studentar har flytta på seg frå heimstad til studiestad. Dette jobbast det med nasjonalt.

Sak 8/21: Evaluering av fakultetsrådet, og vidare plan for nedsetting av fakultetsråd

Fakultetsrådet har funksjonstid fram til åremålet for dekan går ut, det vil seie 31.07.2021. Dette er såleis det siste møtet, for noverande fakultetsråd.

Dekan orienterte om at det vil bli gjort eit felles arbeid i HVL, med å revidere mandat og samansetnad av fakultetsråda. Med plan om å få etablert og konstituert nye fakultetsråd i løpet av oktober. Dekan oppmodar representantane som sit i rådet i dag, om å melde interesse for å vere med i fortsettinga. Det er ein fordel med kontinuitet i rådet.

Dekan oppmoda representantane om å kome med tilbakemeldingar på gjennomføring av møta.

Stikkord frå innspel frå fakultetsrådet:

- Det kjem fleire gode tilbakemeldingar frå fakultetsrådet. Representantane er nøgd med strukturen i møta, og med møteleiinga og sekretariat.
- Representantane melder om at det er nyttig å få det overordna blikket, på aktuelle saker i fakultet. Dei meldar også om at det er interessant, og gir god informasjon om organisasjonen.
- Ekstern representant påpeiker også at desse møta bidrar til å styrke relasjonen mellom praksisfeltet/arbeidslivet og FHS.
- Intern representant stiller spørsmål om kva som ligg av forventningar til den faglege representanten, om kva er det forventa at ein skal formidle vidare? Representanten spør også, i kva grad innspela frå møta blir tatt med i det vidare arbeidet i fakultetet? Dekan svarar at innspela gir viktig informasjon, som blir tatt med i det vidare arbeidet (på lik linje med innspel frå andre råd og utval, samt ID-møta). Innspela gir dekan også ein god peikepinn, på kva saker vi bør formidle ut i organisasjonen.
- Intern representant meiner det er meir rom for at fleire saker løftast «nedanfrå og opp». Det opplevast som at veldig mange overordna saker, tres nedover i organisasjonen, og at det er knytt ein del frustrasjon til dette blant tilsette. Dette gjeld særleg i høve digitalisering. Dekan tar med seg innspelet vidare, og minner samstundes om at det er innført personalmøte både i institutta og i administrasjonen, og at ein må hugse å bruke desse foraene også.

Orienteringar: kl.11.40-12.00 (20 min)

- Endringar i leiing, tilsettingar: dekan orienterar om at to prodekan-stillingar er utlyst, med søknadsfrist 8.juni (og oppmodar fakultetsrådet om å spreie ordet). Lyser også ut stillingar til instituttleiarar og fagseksjonsleiarar, i løpet av hausten.
- Samarbeidsmidlar: dekan kjem attende med meir informasjon om dette i møte til hausten.